

## **BREKKETVEITA**

Det går kommunal veg fram til Skaftedal. Når ein kjem vegen nedanfrå, er det Brekketveita ein kjem fyrst til. Stølen ligg opp frå den kommunal vegen. Dei to brukarane har kvar sitt sel med trøe til. På bnr 1 vart 15 da av trøet oppdyrka under krigen. Også på bnr 2 vart det gjort mykje arbeid med rydding og utjamning av marka på trøet. Dermed kunne ein rekkja over meir med slåmaskina. Siste budeia på bnr 1 var Ingebjørg Hole og siste året var 1954. Hå Oddmunds- Lars var det Brita Lofthus som var siste budeia i året 1956. I dei fyrste åra etterpå gjekk Guro Brekke opp på stølen og mjølka ei stund på fyrsteluten av sommaren.

GOD TUR!

Granvin turlag

Kjelde: «*Stølane i Granvin*» av Torbjørn Seim og lokalkjende.